



FOTO: YAY MICRO

► Ny fagbok om uvanleg tema

– Manipulasjon er eit samfunnsproblem

Born vil kunna sparast for alvorlege lidingar, samfunnet for enorme kostnader, og fagpersonar, rettsvesen og helsevesen for unødige arbeid. Grethe Nordhelle har skrivne bok om eit farleg underadressert fenomen: manipulasjon.

Tekst: Arne Olav L. Hageberg

Har du blitt manipulert? Eg spør ikkje om du er blitt utsett for ungar som for å få ein is på butikken seier at du er fin på håret. Eg tenkjer heller ikkje på den du møter på byen som er så fascinert av deg at vedkomande nyttar alle moglege strategiar for å gjera deg interessert. Dette er det Grethe Nordhelle

kallar kvardagsmanipulasjon. Det eg spør om, er: Har du nokon gong opplevd å bli utsett for ein bevisst falsk eller usakleg presentasjon, som på ein skjult måte og med hensikt får deg til å gjera noko for ein annan som du – om du hadde vore klar over kva som skjedde – ikkje ville ha gjort? Slik definerer

nemleg advokaten og psykologen Grethe Nordhelle fenomenet i den nye boka si *Manipulasjon – forståelse og håndtering*.

– Manipulasjon slik eg definerer det, er eit samfunnsproblem fordi manipulatorar har det i personlegdomen å finna situasjonar der dei kan manipulera, seier ho.

